



Håvard Hølleland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4438 - 23/22392

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:
27.03.2023

Avklaring søknadsplikt tilbygg - gbnr 323/502 Frekhaug

Viser til mottatt søknad om ferdigattest, samt avvist søknad om ferdigattest datert 21.03.2022.

Den 13.08.2021 vart det gitt dispensasjon frå utnyttingsgrad for oppføring av tilbygg på 16 m² til eksisterande bustad. Det vart og søkt om dispensasjon frå avstand til veg, men denne dispensasjon vart ikkje naudsynt ettersom reguleringsplanen hadde eige føresegn vedkomande dette, sjå føresegn § 2 bokstav k).

Vidare vart det og søkt om dispensasjon frå pbl § 29-4, avstand til nabo, men ettersom tiltaket i seg sjølv vart søknadspliktig (over 15 m² BYA/BRA) og naboar hadde samtykka til tiltaket, vart det ikkje naudsynt å vurdere denne dispensasjonen heller. Kommunen kunne difor godkjenne plasseringa iht. Pbl § 29-4 a) ettersom tiltaket uansett vart søknadspliktig.

I løyvet er det påpeikt at det kun er søkt om dispensasjon, og at løyve til oppføring av tilbygg må det søkjast særskilt om. Det var altså vurdert i dispensasjonssaka at tilbygget vart søknadspliktig utifrå innsendt dokumentasjon.

I e-post 09.03.2023 er det opplyst at tilbygget faktisk er 13,72 m², altså mindre enn det som vart opplyst i søknad om dispensasjon, og då innanfor storleikskravet som er sett i SAK10 § 4-1 bokstav b) for tiltak som et unntatt søknadsplikt.

Dispensasjonen som vart gitt 13.08.2021 var vurdert på bakgrunn av at tiltaket vart søknadspliktig. Sjølv om tilbygget vart bygd mindre enn omsøkt i dispensasjonen, er dispensasjonen gitt på bakgrunn av at tiltaket vart søknadspliktig.

Det må difor enten søkjast om dispensasjon frå plassering av tiltak nærmere enn 4 meter, jf. pbl § 29-4, elles må det søkjast om løyve til oppføring av tilbygg, jf.

pbl § 20-4 .

Søknad om tilbygg inntil 50 m² koster 7876,- (gebyrforskrift pkt 13-02) og dispensasjon koster 7773,- (gebyrforskrift pkt. 15-03).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Håvard Hølleland